



VIKTIG Å VITE OM OPPHAV: - Vi alltid tenkt at det var viktig for borna våre å få god kjennskap til dei vestafrikanske røtene sine. Her Karin og sonen Emmanuel.

ALLE FOTO: PRIVAT

Familie på 8 flyttar heim

FLORA: Karin Tonheim Tea tok med seg mannen og seks ungar for å jobbe som frivillig i Afrika. Dei vart der neste dobbelt så lenge som planlagt. No kjem dei heim.

JANNE MERETE BØYUM
janne.boyum@firda.no

- Vi opplever no at tida vår i Ghana er over, og vi gler oss til å flytte tilbake til Norge, seier Karin Tonheim Tea.

Ho, ektemannen Jerome Tea, og deira seks ungar flytta til Ghana for å jobbe for den internasjonale kristne frivillige organisasjonen Ungdom i Oppdrag. Dei hadde planlagt å bu der i eit par år, og no har dei

snart vore der i tre og eit halvt år.

- Vi har prøvd og opplevd korleis det er å bu i Vest-Afrika på godt og vondt. Så håpar vi at vi har vore med å gi menneske her håp og noko verdifullt gjennom våre relasjonar og aktivitet. Berre det å sjå at ein familie som oss tar nokre år av livet vårt for å bu her i Afrika betyr mykje for mange.

Viktig for borna

Historia til Karin og Jerome startar i 2001. Då jobba begge for Mercy Ships, i Benin, Vest-Afrika. Karin frå Eikefjord, og Jerome frå Elfenbeinskysten.

- Vi jobba begge på hospital-skipet Anastasis, eg som sjukepleiar, og han på dekk, seier Karin.

To år seinare gifta dei seg og busette seg i Barlindbotn i Eike-

fjord, der Karin er ifrå. Der var dei fram til 2015, då dei tok eit val om å flytte til Ghana.

- Vi kjente på eit ønske om å reise til Ghana blant anna fordi organisasjonen vår, Ungdom i Oppdrag, hadde behov for hjelp til leiarutvikling og gjenoppbygging av organisasjonen der, seier ho.

Jerome har fleire slektningar som bur i nabolandet Elfenbeinskysten, men det var aldri aktuelt for dei å bu der grunna den politiske situasjonen og det sittande regimet. Men dei har ved fleire høve reist på besøk, og hatt besøk av slektningane desse åra.

Det er heller ikkje berre på grunn av jobb og slekt at dei reiste akkurat til Ghana.

- Som foreldre har vi alltid tenkt at det var viktig for borna våre å få god kjennskap til dei

vestafrikanske røtene sine. Det er viktig for deira identitetsutvikling og identitetsforståing at dei i løpet av oppveksten skulle få oppleve realiteten av å få bu i denne delen av verda, seier Karin.

I Ghana er Jerome fulltidsarbeidar for Ungdom i Oppdrag. Han har vore fransklærer og undervist ein del i noko dei kallar «Disippeltreningsskule». Han er og ein slags rådgivar for gutane i fotballklubben Action Boys FC, og har undervisning med dei ein gong i veka.

- Graset er ikkje grønare på den andre sida

- Han jobbar med karakterbygging av spelarar, blant anna med kor viktig det er å vere ærleg. Vi ser mange svært talentfulle unge spelarar, og vi vil gjerne prøve å legge til rette for

at dei blir oppdaga og få moglegheita til å spele på høgare nivå i utlandet, seier Karin.

Dei synest òg det er viktig å informere og realitetsorientere dei ghanesiske gutane om at livet i Europa eller USA ikkje er så roseraudt og fantastisk som dei gjerne trur.

- Graset er ikkje grønare på andre sida av gjerdet. Det er viktig å gjere det veldig klart for spelarane at å hoppe av og bli verande ulovleg i eit land, slett ikkje er noko å trakte etter. Så langt har det heldigvis verka bra, seier ho.

Dei er og med å støtte ein anna lokal organisasjon, Children of light, der dei driv med ettermiddagsundervisning og leksehjelp for born.

- Det er eit veldig godt og viktig arbeid. Kvaliteten på store delar av det offentlege, og til



FAMILIEN: Bak frå venstre: Jerome, Simone (7), Karin, Benjamin (4), og Nathalie (11). Frå venstre framme: Emmanuel (9), David (13), og Ebenezer (14).



FOTBALL: Jerome har vore rådgivar for fotballklubben «Action Boys FC». Der prøver han å legge til rette for at dei blir oppdaga for å få moglegheiten til å spele på høgare nivå.

m etter 3,5 år i Afrika

dels dei private skuletilboda, er veldig dårleg. Realiteten er at ganske mange born går gjennom 12 års skulegang utan faktisk å ha lært å lese, seier ho.

Harde realitetar for sjukebehandling

Karin er sjukepleiar og har jobba litt som volontør på eit sjukehus i nærleiken i tillegg til å vere mor og husmor.

- Det har vore lærerikt for meg å sjå litt av korleis helsevesenet her fungerer og kva slags realitetar vi møte innanfor helsesektoren, tropiske sjukdommar, og korleis fattigdom set sitt preg på verkelegheita, seier ho.

Ho har òg erfart kor viktig det er å lære seg det lokale språket.

- Trass i at dei fleste kan noko engelsk, vil pasientane helst at

kommunikasjonen skal gå føre seg på twi eller eit anna lokalt språk. Ein er enten avhengig av tolk eller så må ein lære seg lokale språk skikkeleg, seier Karin.

Ein anna ting ho har observert er at sjukepleiarar blir hardbarka. Viss ikkje pasientane har pengar til behandling, får dei ikkje noko.

- Realiteten av å sjå menneske dø, menneske som kunne greidd seg med riktig og kjapp behandling, gjer noko med dei, seier ho.

No manglar dei berre hus

No har dei booka billetter heim til Norge og flyr inn i slutten av februar. Karin skal jobbe som sjukepleiar i Eikefjord. Jerome har tidlegare i Norge jobba som miljøarbeidar og ønskjer seg

noko liknande, eller undervisningsjobb i fransk og eventuelt engelsk.

- Det ser ut til at jobb for meg er i boks, så då er det hus som må på plass før vi er klare til å flytte, seier Karin. Dei er på jakt etter å leige hus i Florø- eller Eikefjord-området.

- No er det viktig for borna våre å reetablere seg i norsk skule og miljø, seier ho.

Borna har gått på global skule og fått internettopplæring i norsk skule, slik at dei har kunna henge med på deira respektive klassetrinn. Dei går og på internasjonal skule i Ghana.

- Global skule er eit godt og viktig tilbod for oss, seier Karin.

Øg sjølv om alle seks borna er fødde i Norge, er dei alle fleirspråklege.

- Engelsk har dei siste åra

blitt ganske flytande for alle ungane. Dei snakkar også litt fransk, sidan Jerome er fransktalande, og dei har fransk på skulen her. I tillegg forstår dei litt twi, som er eitt av dei offisielle ghanesiske språka som dominerer i regionen her, seier ho.

- Mykje er forskjellig frå heime i Norge

Familien Tea er ein fleirkulturell familie, som ser på seg sjølv som misjonærar, og kan difor ikkje garantere at dei blir buande i Norge for godt frå no.

- Vi håpar å halde kontakten med dei i Ghana og kunne reise tilbake når vi har tid og pengar til det, seier Karin.

Sjølv om ho kjem til å sakne vennene ho flyttar frå i Ghana, gler ho seg no til å bli sameint med familien og vener i Norge.

Det har ho lengta etter, og ho ser fram til å kome tilbake i norske rutinar.

Utanom jobb, både frivillig og lønna, meiner Karin at heile familien vil ta med seg mykje verdifullt frå denne erfaringa.

- Mykje er forskjellig frå heime i Norge, og vi har lært oss å ikkje ta ting, fasilitetar og moglegheiter som sjølv sagt. Det gjer til at vi har fått eit anna perspektiv på livet, meir takknemlegheit og også meir forståing for korleis andre menneske i verda har det og korleis dei tenker.